

## **Klassetrivsel hausten 2024:**

*Det er jamt over oppløftande og positive resultat av Klassetrivsel, gjennomført for 5.-10.trinn - hausten 2024. Dei aller fleste elevane ved Høyanger skule trivast godt, har gode vener og har det bra på skulen. Det er likevel enkelte saker av bekymring som må jobbast vidare med. Resultata frå undersøkinga har blitt presentert klassevis for kontaktlærarane, og drøfta med teamet. Resultata vart presentert for SU 11.02.25.*

## **Her kjem ein kort oppsummering av tema vi har vore innom:**

### **Venskap:**

I fylgje undersøkinga, visar det at det store fleirtalet av elevane opplever at dei har nok vener i klassen sin. Berre eit fåtal svarer at dei ikkje har det. Nokre av dei som har svart at dei ikkje har nok venar i klassen, oppgir at dei har vener i andre klassar.

På spørsmålet om dei får lov å vere med å bestemme i klassen, fekk vi ganske varierende svar, og det opplevast nok ganske ulikt frå elev til elev. Vi kan likevel lese ut frå diagrammet, at fleirtalet synast at dei får vere med å bestemme «ein gang imellom». Ganske stor andel svarer òg at dei sjeldan får bestemme, medan ein mindre andel meiner at dei får bestemme ofte eller veldig ofte. Dette går på elevane si oppleving av medverknad i klassen.

### **Kommunikasjon og digital danning:**

Det største fleirtalet oppgir at dei ikkje har motteke ubehagelege meldingar det siste halve året. Vi ser likevel at det på ungdomstrinnet er ei stor auke. Der svarar nær halvparten at dei har motteke minst 1-2 ubehagelege meldingar det siste halve året. På mellomtrinnet er det omtrent ein fjerdedel. Undersøkinga seier ingenting om kven som sender desse meldingane. Gjennom undersøkinga viste det seg at ein av klassane skilte seg ut, med betydeleg fleire mottatte ubehagelege meldingar enn dei andre klassetrinna. Dette er eit eksempel på informasjon som blir vidareformidla til klassekontaktane, og som dei deretter kan ta tak i.

### **Eleven og friminutta:**

Her var det veldig positive resultat, der det store fleirtalet av elevane på alle trinn oppgir at dei veldig ofte eller ofte har noko å gjere på i friminutta.

Dei aller fleste elevane oppgir òg at dei veldig ofte eller ofte har nokon å vere med i friminutta. Dette gjeld både på ungdomstrinnet- og mellomtrinnet. Berre nokre få prosent oppgir at dei sjeldan eller ein gong i mellom har nokon vere med. Samstundes ser vi at det store fleirtalet sjeldan opplever at dei ikkje får vere saman med dei andre i friminutta. Det er litt fleire på barneskulen enn ungdomsskulen. Dei elevane som opplever at dei ikkje får vere saman med andre, blir sjølvstøtt drøfta med kontaktlærarane, for å finne årsak og løysingar.

### **Språkbruk i klassen:**

Mange elevar oppgir at dei opplever eit stygt språk i klassane. Det er mest banneord, men òg ein del generelt stygt språk og nedlatane kommentarar. Det varierer ein del frå klasse til klasse korleis dei opplever det. Dei aller yngste og dei aller eldste er dei som seier at dei opplever minst stygt språk i klassen.

**Uro i klassen:**

Det er veldig varierende kva elevane har svart her. Det kan forklarast med at det er stor variasjon over kva kvar enkelt elev opplever med støy, og evne til å stenge lydar ute. Vi ser at det er litt fleire på mellomtrinnet som oppgir at dei ofte eller veldig ofte blir uroa i timane. Elevane har oppgitt at den største grunnen til uro i klassen, er at andre elevar snakkar i timen.

**Trivsel i klassen:**

På spørsmål om dei kjenner seg som ein del av fellesskapet i klassen, er det mellomtrinnet som kjem best ut. Det er likevel ein bekymringsstor andel som svarar aldri, sjeldan eller ein gong imellom. Dette aukar enda meir på ungdomstrinnet. Der er det svært mange elevar som oppgir at dei sjeldan eller aldri føler seg som ein del av fellesskapet. Dett er informasjon som må takas på alvor, og jobbas med.

På spørsmål om dei vert mobba på skulen, er det fleire på mellomtrinnet som oppgir at dei «veldig ofte» eller «ofte» vert mobba på skulen, i forhold til dei på ungdomstrinnet. På ungdomstrinnet oppgir ca. tre fjerdedelar at dei aldri vert mobba. På mellomtrinnet er det ca tre fjerdedelar som oppgir at dei veldig ofte, ofte eller ein gang imellom blir mobba. Resultata blir drøfta med lærarane i kvar klasse for å sjå om det ligg bekymring rundt dei enkelte funna.

**Eleven og lærarane:**

Når det går på relasjonane mellom lærarane og elevane, er det svært gode resultat. Dei aller fleste elevane oppgir at lærarane høyrer på dei «veldig ofte» eller «ofte» dersom dei vil fortelje dei noko viktig! Elevane oppgir òg at lærarane er flinke til å hjelpe dei dersom dei synast noko er vanskeleg, og at dei for det meste får den hjelpa dei treng i timane.